



Bacheloroppgave

IDR600 Sports Management

Unge skiskyttarar sine sosiale og økonomiske forhold

Bård Joar Teigen Moan

Totalt antall sider inkludert forside: 54

Molde, 14.11.14



Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

Du/dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruten til høyre for den enkelte del 1-6:	
1.	Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen.
2.	Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none">• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse.
3.	Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annullering av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. Universitets- og høgskoleloven §§4-7 og 4-8 og Forskrift om eksamen §§14 og 15.
4.	Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiatkontrollert i Ephorus, se Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver
5.	Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens retningslinjer for behandling av saker om fusk
6.	Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av kilder og referanser på biblioteket sine nettsider

Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: Kjetil Kåre Haugen

Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven. §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjenning.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:

ja nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?

ja nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?

ja nei

Er oppgaven unntatt offentlighet?

ja nei

(inneholder taushetsbelagt informasjon. Jfr. Offl. §13/Fvl. §13)

Dato: 14.11.14

Forord

Denne bacheloroppgåva er skriven i det avsluttande året på linja Sports Management på Høgskulen i Molde. Oppgåva er obligatorisk og tel 15 studiepoeng.

Eg sleit lenge med å bestemme meg for kva eg ville skrive om, og vurderte fleire forskjellige idrettar og tema som var aktuelle for oppgåva mi. I samtale med familie kom eg innpå tanken om å forske på kostnader i samband med idrett. Eg såg meg naudsynt til å avgrense oppgåva betrakteleg, og sidan eg er veldig interessert i skiskyting, var dette ein idrett som det falt seg naturleg for meg å avgrense oppgåva til. Vidare kom eg fram til at eg ynskja å sjå nærare på kostnader i barne- og ungdomsidretten. Etter diskusjon med veileidar fann eg også ut at det ville vere interessant å sjå på kva utøvarar eventuelt forsakar ved å satse på toppidrett frå ung alder.

Eg vil takke min veileidar, Kjetil Kåre Haugen, for raske og informative tilbakemeldingar undervegs i oppgåveskrivinga. Eg vil også takke Sylfest Glimsdal som stilte opp til intervju og som viste stor interesse for oppgåva.

Innhald

1.0	Innleiing	6
1.1	Bakgrunn.....	6
1.2	Problemstilling.....	7
2.0	Teori	7
2.1	Historisk bakgrunn.....	7
2.2	Barne- og ungdomsidrett.....	8
2.3	Kostnadar ved idretten.....	9
2.4	Livet som toppidrettsutøvar.....	10
2.5	Tidlegare forskning.....	11
3.0	Metode	12
3.1	Val av undersøkingsdesign.....	12
3.2	Kvalitativ eller kvantitativ metode.....	13
3.3	Val av tilnærming.....	14
3.4	Datainnsamling.....	14
3.5	Gyldighet/validitet.....	15
3.6	Reliabilitet.....	16
3.7	Etikk.....	16
4.0	Analyse	18
4.1	Spørjeskjema for skiskyttarar.....	18
4.2	Spørjeskjema for foreldra.....	28
4.3	Det opne intervjuet.....	34
5.0	Diskusjon/konklusjon	38
5.1	Spørjeundersøking skiskyttarar.....	38
5.2	Spørjeundersøking foreldre.....	41
5.3	Djupneintervjuet.....	43
6.0	Kjeldeliste	46
7.0	Vedlegg	47

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Runar Gilberg og Gunnar Breivik har tidlegare forska på norske toppidrettsutøvarar sine levekår og livskvalitet. Her tok dei blant anna for seg sosiale og økonomiske forhold for utøvarane. Utøvarane som det vart forska på var nært tilknytt Olympiatoppen. I fasen før ein blir plukka opp av Olympiatoppen er det ikkje blitt gjennomført tilsvarende undersøkingar. Eg tykkjer derfor det ville vere interessant å undersøke korleis forholda til utøvarane er i tida før ein eventuelt vert plukka ut til landslag og vidare i Olympiatoppen. I denne oppgåva har eg valt å fokusere på dei økonomiske og sosiale forholda til unge skiskyttrar i alderen 12 til 21 år.

Ein nær slektning av meg vart som ungdom sett på som ein av dei mest lovande, unge langrennsutøvarane i Hordaland. Han var deriblant kretsmester, og hadde eit stort talent for langrenn. Dessverre måtte han trappe ned i satsinga mot ein karriere som langrennsløpar og som toppidrettsutøvar, då økonomien ikkje strakk til. Foreldra hadde ikkje råd til å betale det som måtte til av utstyr, trening- og medlemsavgift, reise, samlingar og andre utgifter for at sønnen kunne hevde seg i toppen. På bakgrunn av dette tykkjer det er eit interessant og spennande tema som eg ynskjer å undersøke nærmare.

Når det gjeld idretten vert det for dei fleste med drømmene; kun eit fåtall ender opp med ein karriere innanfor toppidretten. Kva faktorar som avgjer kven som lykkast og kven som mislykkast på vegen er svært samansatt. Ein av dei mest sentrale faktorane, eller ressursane om du vil, er økonomi. Sigvart Bjøntegaard, tidlegare skiskyttrar, landslagstrenar og grunnleggar av Norges Toppidrettsgymnas på Geilo, tok opp temaet i ein artikkel i Lågendalsposten: «Inntil utøverne når et absolutt toppnivå i Norge, er talentene helt avhengig av foreldrenes økonomi, noe som betyr at de som ikke har ressursene dessverre må gi opp på veien»¹.

Korleis påverkar det å satse på ein idrettskarriere i skiskyting andre forhold i livet til utøvarane? Får ein nok tid til skule, venner og familie utanom idretten, eller er det ikkje

1 <http://www.laagendalsposten.no/sport/ikke-glem-toppidretten-1.5744995> sett 11.11.14

mogleg å ha eit slikt liv når ein driv med toppidrett? Eg ynskjer å undersøke i kva grad ein forsakar visse sosiale haldepunkt som ungdom gjennom å halde på med skiskyting.

1.2 Problemstilling

Tema for oppgåva: Unge skiskyttrarar sine sosiale og økonomiske forhold.

Eg har kome fram til følgjande problemstillingar:

«Kva kostnader har foreldra til utøvarar i alderen 12-21 år på vegen mot ein idrettskarrière i skiskyting?»

«Korleis påverkar idrettssatsinga dei sosiale forholda hos utøvarane i alderen 12-21 år?»

2.0 Teori

2.1 Historisk bakgrunn

Olympiatoppen har gjennom idrettspolitiske dokument fastsett som mål at ein skal styrke toppidretten. Dette inneber mellom anna at det er «av stor betydning for Norge å ha en toppidrett som skaper store opplevelser for folket, og samtidig gir idrettsungdommen noe å identifisere seg med»². Viktigheten av denne identifiseringa vert også bekrefta på det høgaste politiske nivå, der «Staten støtter toppidrett slik at den skal framstå som en kulturell identitetsskaper i det norske samfunn»³.

For å få ein større forståing for konkurranseidretten sin posisjon i Norge i dag, må ein sjå på utviklinga av idretten i eit historisk perspektiv. I tida etter 1850 har britisk sport vakse stort og etterkvart fått ein dominerande posisjon, også i Noreg. Samstundes vart også den olympiske rørsla meir tydeleg i byrjinga av 1900-talet. Før den tid var det den tyske turnbevegelsen samt den svenske linjegymnastikken som definerte kroppskulturen⁴. Den engelske sporten utfordra desse ideala, og konkurranseidretten fekk etterkvart større plass i samfunnet. Konkurranseidrett vart den nye idretten, medan turn og gymnastikk fekk sin

2 http://www.olympiatoppen.no/om_olympiatoppen/organisasjon/strategi/maalsetning_toppidrett/page1077.html sett 11.11.14

3 <http://www.regjeringen.no/nn/dep/kud/dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingmeldingar/19992000/stmeld-nr-14-1999-2000/-2.html?id=192654> sett 11.11.14

4 Side 301, Toppidrettens formel – Olympiatoppen som alkymist, 2007, Pål Augestad og Nils Asle Bergsgard

plass i skulen. «I tråd med dette fikk vi en økt organisering og institusjonalisering av den moderne idretten med serier, forbund, sporsprodusenter osv»⁵.

Ved etableringa av dei olympiske leikane i 1896 forsterka ein fokuset på konkurranseidrett. «Det kom mer rasjonelle måter å måle prestasjoner på. Vi kan godt kalle den tendensen en sportifisering»⁶ Med sportifisering meiner ein at det var enklare å samanlikne idrettsutøvarar gjennom å standardisere idretten. Dette innebar at ein innførte eit bestemt regelverk og ein målte prestasjonar utifrå tidtaking, lengde og høgde. For å overvake dette vart det etablert idrettsorganisasjonar nasjonalt og internasjonalt. Slik vaks konkurranseidretten og toppidretten fram nasjonalt.

2.2 Barne- og ungdomsidrett

Frå 1976 fekk Idrettsforbundet felles retningslinjer for sitt barneidrettsarbeid. Desse retningslinjene innehaltdt ingen aldersgrense og var heller ikkje bindande. I 1987 fekk ein for første gong detaljerte bestemmelsar for barneidretten med aldersgrenser og konkurransereglar⁷. Eit av dei sentrale tema i diskusjonane i åra som følgde, og som framleis vert heftig diskutert den dag i dag, går på korleis ein skal forhalde seg til barneidretten. Ein ynskjer å utvikle sunne haldningar gjennom å la barn og ungdom vere med på leik og moro, samt at det gjev sosialt samvær og ei kjensle av meistring. Vidare har det ei betydning i det offentlege (politiske), ved at det at aktive born og unge styrkar folkehelsa. Samstundes ser ein på verdien i å utvikle og sikre rekruttering av eliteutøvarar. Dette er to motsetnader som i større og større grad har vist seg vanskeleg å kombinere. «En spenning som ofte trekkes fram er forholdet mellom topp og bredde: ambisjonene om at barne- og ungdomsidretten skal være med å styrke den generelle folkehelsen, bidra til integrasjon, og virke karakterdannende, kan til dels gå på tvers av målet om å utvikle nye toppidrettsutøvere»⁸.

Etterkvart som den organiserte barne- og ungdomsidretten vaks fram i Norge, har spørsmål og diskusjonar knytta til økonomi også vore stadig meir aktuelt. «For folk som ønsket det

5 Side 301, Toppidrettens formel – Olympiatoppen som alkymist, 2007, Pål Augestad og Nils Asle Bergsgard

6 Side 40, Historien om norsk idrett, 2008, Matti Goksøy

7 Side 146, Idrett for alle, 2010, Matti Goksøy

8 Side 15, Ungdom og trening – endring over tid og sosiale skillelinjer, Ørnulf Seippel, Åse Strandbu & Mira Aaboen Sletten. http://www.nova.no/asset/4536/1/4536_1.pdf sett 11.11.14

beste for sine barn, og som gjerne kan betale for det, er tanken på profesjonelle trenere i barneidretten både fornuftig og riktig»⁹. Denne profesjonaliseringa har først og fremst utvikla seg i «vaksenidrett», men samstundes fått fotfeste i barne- og ungdomsidretten. Det er derimot ikkje gitt at alle foreldre kan betale for å få på plass utdanna trenarar i barneidretten. «I barneidretten er det reelle problemer knyttet til utstyrshysteri og reiseutgifter, i tillegg til kontingenter og treningsavgifter. Utgifter til lønnet trener vil utgjøre en grunnleggende utfordring til det gamle amatøridealets siste bastion, barneidretten»¹⁰.

2.3 Kostnader ved idretten

Kven er det som skal betale for kostnadane ved idretten? Nokon må betale for utgiftene til anlegg, utstyr, reiser og andre kostnader. Den norske idrettsmodellen bygger i stor grad på at for å dekke desse utgiftene må ein ha personleg innsats og offentleg støtte. «Medlemmer i idrettslag betalte kontingent som skulle sikre lagets drift, den skulle dekke utgifter i en forening som svært sjelden hadde lønnet personell»¹¹. Staten og kommune kjem inn når store kostnader kjem opp, som utbygging av idrettsanlegg. Samtidig må medlemmar i idrettslag stille opp med dugnadsarbeid som ein betingelse for å kunne få mottatt slik offentleg støtte.

Den offentlege støtta kjem først og fremst frå den såkalla tippenøkkelen. Tippemidlar har sidan 1948 vore eit økonomisk fundament for den norske idretten. «Av de bokførte inntekter, altså de rene økonomiske midlene som utgjør NIF's regnskap, kommer størsteparten, i 2009, 86 prosent av total på 891 millioner fra det offentlige, fra stat (spillemidler) og kommuner»¹². Likevel utgjorde den offentlege støtta kun 7 prosent av inntektene til idrettslag i gjennomsnitt i 2002. 84 prosent av inntektene kom i form av medlemskontingent eller kommersielle inntekter¹³.

«Frivillighet er den viktigste bærebjelken i idretten, og norsk idrett er tuftet på stor grad av frivillig innsats. Over 70 prosent av alle idrettslag baserer seg utelukkende på frivillig

9 Side 184, Idrett for alle, 2010, Matti Goksøyr

10 Side 201, Idrett for alle, 2010, Matti Goksøyr

11 Side 190, Idrett for alle, 2010, Matti Goksøyr

12 Side 200, Idrett for alle, 2010, Matti Goksøyr

13 Side 14, NIF tilstandsrapport, 2003, <http://www.idrett.no/omnif/Documents/tilstandsrapport2003.pdf> sett 11.11.14

ubetalt innsats»¹⁴. Denne frivillige delen av idretten vert stadig utfordra gjennom ei aukande kommersialisering av sporten.

2.4 Livet som toppidrettsutøvar

«Familien min, som visste lite om hva toppidrettssatsing innebar, hadde vanskelig for å tilpasse seg meg, og jeg hadde vanskelig for å tilpasse meg dem. Hvorfor kunne ikke jeg gå ut og måke snø eller dra til byen med bussen, når jeg kunne gå ut på ski? Hvorfor kunne jeg ikke besøke mine besteforeldre bare fordi de var forkjølet? Det ar det dummeste. Jeg kunne gjøre ting i huset som ikke innebar for mye stress, men hvordan kunne jeg bestemme selv hva jeg skulle hjelpe til med? Søsteren min hadde ikke lenger en kul søster, men en søster som skulle tidlig til sengs og ikke lenger fant på noe gøy, enda mindre noe sprøtt. Jeg var blitt kjip.»¹⁵

Sitatet er henta frå boka «Sporet fanger: en annerledes idrettshistorie», ein sjølvbiografi skrive av Siri Halle. Boka gir eit innblikk i ein tidlegare utøvar sitt liv og tankar om det å drive på med konkurranse- og toppidrett. I toppidretten snakkar ein gjerne om 24-timersutøvararen. Dette betyr ikkje at ein tenker og fokuserer på idrett 24 timer i døgnet, men at ein har andre interesser som gjer at ein presterer betre. «Fritid, studietid og familieliv blir så å si funksjoner for å bli en god toppidrettsutøver, ved siden av vektlegging av kosthold, treningsmengde og –metodikk. Struktur på hverdagen, både i trening og fritid, er sentralt. Nok søvn, gode matvaner og tid til studier bedrer treningsintensiteten. En må utvikle en identitet som toppidrettsutøver»¹⁶.

Denne toppidrettsidentiteten er svært viktig og står sentralt for unge utøvarar. Den er med på å forme kvardagen til utøvarane frå tidleg alder, på godt og vondt. Ein set store forventingar til seg sjølv for korleis ein skal leve for å ha best mogleg forutsetningar for å lykkast. Forventningane frå omgivingane kan også vere større enn forventningane som utøvarane set på seg sjølv: «Foreldre har investert mange årsverk for at du skal lykkes,

14 Side 12, Årsrapport NIF, 2005, <http://www.idrett.no/SiteCollectionDocuments/NIF%20SENTRALT/%C3%85rsrapporter%202002-2009/%C3%85rsrapport%202005.pdf> sett 11.11.14

15 Side 17, Sporet fanger: en annerledes idrettshistorie, 1999, Siri Halle

16 Side 88, Toppidrettens formel – Olympiatoppen som alkymist, 2007, Pål Augestad og Nils Asle Bergsgard

treneren gir signaler om at kroppsvekta kanskje bør ned, og bare de med gode resultater får idrettsstipend fra Olympiatoppen neste sesong»¹⁷.

2.5 Tidlegare forskning

Runar Gilberg og Gunnar Breivik har tidlegare forska på norske toppidrettsutøvarar sin livskvalitet og levekår. I ein studie med namnet «Gjennom slit til stjernene» undersøkte dei blant anna utøvarar tilknytt Olympiatoppen sin kontakt med venner, familie og idrettskollegaer. Vidare såg dei også på den økonomiske situasjonen for utøvarane, der utøvarane gjorde opp si subjektive vurdering av eigen økonomiske situasjon og kor godt tilhøva var tilrettelagt økonomisk. Gilberg og Breivik såg også på i kva grad ein kunne kombinere toppidrett og utdanning.

Frå denne forskinga kjem det mellom anna fram at lite tid til venner, var det flest såg på som det mest negative med idretten. Samstundes var det også svært mange som oppga vennskap og det sosiale miljøet som ei viktig positiv side ved idrettslivet. «En kan derfor si at idretten oppleves som et tveegget sverd – både som en kilde til og en trussel mot sosial kontakt og vennskap»¹⁸. Mange tykkjer også at idrettssatsinga vanskeleg lar seg kombinere med utdanning. Når det kjem til forhold til familie og venner, så vurderte i overkant av 85 prosent av utøvarane det opp mot meget bra. Nesten halvparten av utøvarane svarte «mindre bra» på korleis forholda var tilrettelagt økonomisk, og ein fjerdedel svarte dårleg. Over halvparten av utøvarane i Olympiatoppen anga at dei ikkje mottok sponsorinntekter, og omtrent halvparten mottok heller ikkje støtte frå klubb eller forbund.

I 2010 gjennomførte Dagens Næringsliv undersøkingar hos over 30 norske idrettslag for å kartlegge kostnader knytta til dei ti mest populære idrettane i landet. Her såg ein på kostnader første året til ein utøvar på 13-14 år som dreiv med konkurranseidrett¹⁹. I tallane regna ein ut gjennomsnittet frå minst tre klubbar frå kvar idrett. Skiskyting var ikkje ein av dei idrettane ein tok med i undersøkinga, men langrenn som er det mest nærliggande skiskyting var med på lista. Langrenn var ein av dei dyraste idrettane i undersøkinga, der

17 Side 188, Toppidrettens formel – Olympiatoppen som alkymist, 2007, Pål Augestad og Nils Asle Bergsgard

18 Side 59, Gjennom slit til stjernene – en studie av norske toppidrettsutøveres levekår og livskvalitet, 1999, Runar Gilberg

19 Side 17, Dagens Næringsliv, eAvis den 16.07.2010

kostnadane for ein utøvar kom på totalt 66 340 kr. Langrenn liknar mykje på skiskyting i den grad ein har dei same type utgiftene på ski, rulleski, skistøvlar og skistavar. I tillegg vil ein ha større utgifter på utstyrssida i skiskyting, då ein også må betale for kostnadar til gevær og ammunisjon. Ein kan derfor med til ein viss grad anta at kostnadane i skiskyting vil ligge på minimum det same nivået som for langrenn. I si levekårsundersøking frå SSB i 2009 vart det berekna at utgifter til trening for 13-15 åringar ligg på kring 6500 kroner året. Dette var eit gjennomsnittstal for ungdom som trenar minst ein gang i månaden og gjeld då for ei langt større gruppe enn 14-åringar som driv med konkurranseidrett. Samla sett kan ein slå at det kostar å drive idrett²⁰.

«Fra det året en fyller 13 år er det retningslinjer for ungdomsidrett som gjelder (NIF, 2008b). I ungdomsidretten åpnes det for økt konkurransefokusering og tiltagende spesialisering, men også ungdomsidretten skal tilpasses de unges utvikling og behov. Retningslinjene er langt mindre forpliktende enn bestemmelsene som regulerer barneidretten, og i praksis kan overgangen fra barneidrett til ungdomsidretts laguttak, topping av lag og eksplisitte rangeringer, være nokså dramatisk. Osloundersøkelsen viste at de to klart viktigste grunnene tidligere idrettslagsmedlemmer oppga for å slutte i idrettslaget var «for strenge krav om å være god» og «jeg måtte bruke mer tid på skolearbeidet» (Strandbu & Bakken, 2007).»²¹

3.0 Metode

3.1 Val av undersøkingsdesign

I følge Jacobsen (2005) ynskjer ein alltid å finne det undersøkingsdesignet som passar best til den problemstillinga ein vil belyse. Val av undersøkingsdesign er avgjerande for både undersøkinga si gyldigheit og reliabilitet. Ein skil mellom to type undersøkingar; det intensive (djupe) og det ekstensive (breie). Begge har sine styrker og svakheter. Det intensive går i hovudtrekk ut på at ein vil gå i djupna på nokre få einingar. Ein ynskjer å skape seg eit einskapleg bilde av ein situasjon eller eit fenomen, der alle detaljar skal fram

20 Side 22, Ungdom og trening – endring over tid og sosiale skillelinjer, Ørnulf Seippel, Åse Strandbu & Mira Aaboen Sletten. http://www.nova.no/asset/4536/1/4536_1.pdf sett 11.11.14

21 Side 24, Ungdom og trening – endring over tid og sosiale skillelinjer, Ørnulf Seippel, Åse Strandbu & Mira Aaboen Sletten. http://www.nova.no/asset/4536/1/4536_1.pdf sett 11.11.14

i lyset. Utvalet av einingar er av denne grunn som regel få, då dette er ein tidkrevjande måte å samle inn data på (til dømes gjennom intervju).

Det ekstensive opplegget går meir i breidda, og ein undersøker eit stort utval av einingar og med få variablar. Her kan ein då sjå på likskap og ulikskap for fleire individ samstundes. Spørjeskjemaet er eit klassisk døme på nettopp dette. I motsetnad til det intensive opplegget vil individuelle forskjellar i større grad forsvinne, og detaljane viskast meir ut. Svakheten med denne typen design er at informasjonen kan bli for generell i den forstand at ein ser på det som er felles for fleire. (Jacobsen 2005)

Eg har i hovudsak valt å gå for det ekstensive undersøkingsdesignet for mine to problemstillingar, men eg har også med eit innslag av intensiv design i form av eit djupneintervju.

3.2 Kvalitativ eller kvantitativ metode?

Den kvalitative tilnærminga skjer ved at ein samlar inn data i form av haldningar, synspunkt og meiningar. Døme på ei slik tilnærming til datainnsamling er intervju eller observasjon. Her vert ikkje intervjuobjektet gitt klare svaralternativ, men står meir fritt til å svare som han/ho vil. Den som intervjuar prøver å påverke intervjuobjektet i minst mulig grad. Ein prøver til ein viss grad å komme under huden på den ein intervjuar, og dersom ein som forskar ikkje er særleg flink til å lytte, er dette kanskje ei tilnærming ein bør styre unna. Fordelen med kvalitativ tilnærming er at ein kan vere veldig fleksibel med problemstillinga undervegs i prosessen. Ulempen er at den er særdeles ressurskrevjande, både med tanke på tid og tolking av data. Svara kan vere så ulike både innhaldsmessig og i struktur at det er vanskeleg å presse dei inn i ein statistikk.

Ved den kvantitative tilnærminga skjer datainnsamlinga gjennom tall og statistikk. Ved hjelp av dataverktøy kan ein handtere store mengder data, og desse verktøya gjer dette til ein langt mindre ressurskrevjande prosess. Forskaren styrer i større grad respondentane ved denne tilnærminga, då svaralternativa er gitt på forhand. På denne måten får ein derimot ikkje eit tilsvarande nært forhold til respondentane. Fordelen ved den kvalitative tilnærminga er at ein enkelt kan avdekke variasjonar og avvik samt omfang av fenomen.

Ulempen er at respondentane lett kan bli påverka av måten spørsmåla er formulert på, og det er derfor særskild viktig at forskaren formulerer seg riktig slik at ein får svar på det ein spør om.

3.3 Val av tilnærming

Eg har valt å gå for ei blanding av desse to tilnærmingane for å belyse mine problemstillingar, men med hovudvekt på den kvantitative tilnærminga. Eg ville nå ut til eit større tal utøvarar og foreldre, og få talfesta kva kostnader ein har ved å satse på ein idrettskarriere som skiskyttar og korleis denne satsinga påverkar det sosiale livet til utøvarane. For å kunne undersøke dette var det mest fornuftig å gå for ei kvantitativ tilnærming. Samstundes hadde eg moglegheit til å gå i djupna hos ein svært sentral person i lokalmiljøet, og følte dette kunne vere nyttig for å få ei større forståing av dei kvantitative funna.

3.4 Datainnsamling

For å samle inn data valte eg først å kontakte kretsleiarane per e-post for dei ulike kretsane i Norge. På denne måten kunne eg få kontakt med klubbar og dernest utøvarar og foreldre frå heile landet. I skiskyting finst det totalt 16 kretsar fordelt på fem ulike regionar, og det er registrert 180 klubbar tilslutta desse kretsane. I e-postane som vart sendt fortalte eg kven eg var, kva som var formålet med spørjeundersøkingane, kven målgruppa for oppgåva var og vidare om det var mulig å få distribuert spørjeskjema til desse. Eg forsikra anonymitet og at data kun ville nyttast i samanheng med oppgåva.

Med unntak av éin kretsleiar var responsen på min førespurnad veldig positiv, og eg vart sett i kontakt med fleire klubbar som stilte seg positive til å bidra. Av kretsleiarar som ikkje svarte på min førespurnad valte eg å kontakte klubbar tilhørande denne kretsen personleg. På denne måten sikra eg meg å nå ut til samtlege aktuelle respondentar. Eg tok i bruk verktøyet Questback for å lage spørjeskjemaene, og kunne på denne måten distribuere det raskt og enkelt på nett. Dette skjedde gjennom at eg la til respondentane sine epost-adresser, som då fekk ein invitasjon på e-post. Nokre av kretsleiarane ville forståeleg nok ikkje gje ut utøvarane og foreldra sine adresser, og desse fekk istaden to forskjellige linkar til spørjeskjema som dei sjølv kunne vidarese.

Totalt fekk eg inn 78 svar på spørjeskjemaene, der 55 svar var frå skjemaet utarbeida til utøvarane og 23 svar frå skjemaet utarbeida for foreldra. Spørjeundersøkinga for foreldra vart distribuert på eit seinare tidspunkt enn skjemaet til utøvarane, og dette kan nok delvis forklare at eg fekk inn færre svar på på det skjemaet. Respondentane fekk her altså mindre tid til å ta spørjeundersøkinga. Til analyseringa av data nytta eg meg også av Questback, slik at eg kunne behandle data på ein effektiv og oversiktleg måte.

Det kvalitative intervjuet føregjekk over telefon, og eg nytta meg av ein bandopptakar for å ta opp samtalen med intervjuobjektet slik at eg fekk ein fin flyt i intervjuet utan å vere redd for at eg ikkje fekk med meg det som vart sagt. Dette vart godkjent med intervjuobjektet på forhand og personen hadde ikkje noko problem med dette.

3.5 Gyldighet/validitet

Når datainnsamlinga er ferdig er det særst viktig at ein retter eit kritisk syn på dei data ein har samla inn. Ein må då spørje seg om ein har målt det ein i utgangspunktet var ute etter å måle. Det første eg tek for meg er kjeldene (respondentane) for undersøkinga. Etter mitt syn har eg fått tak i kjelder relevant til problemstillingane eg reiser. Ved utsending av spørjeskjema var eg klar på kva målgruppe og aldersgruppa eg ynskja å nå ut til. Eg har derimot vore avhengig av hjelp frå andre til å distribuere spørjeskjemaene til respondentane, og det kan tenkast at det her har oppstått mistydingar. Dette er noko eg ikkje kan sikre meg heilt mot. Når det gjeld det opne intervjuet så meiner eg her at eg har intervjuet ei av dei mest aktuelle kjeldene på området. Vidare må ein vurdere om spørsmåla ein har stilt, er relevant formulert i forhold til det ein ynskjer å undersøke. Før utsending av spørjeskjema gjekk eg fleire rundar med meg sjølv der eg spurte meg sjølv kva informasjon eg får ut av skjemaene, og kva eg skal bruke informasjonen til. Eg føler meg derfor trygg på at dei spørsmåla eg har stilt måler det eg faktisk vil måle.

Ein må også sjå på respondentane og vurdere i kva grad dei har vore ærlege i sine svar og den informasjonen dei har gitt. Det kan vere at respondentane ikkje er ærleg mot seg sjølv når det gjeld spørsmål som omhandlar skulegang, men dette vert spekulativt. I skjemaet retta mot foreldre er det fleire spørsmål som er av den private sorten, men det er likevel

ingen spørsmål som gir direkte grunnlag for å mistenke at respondentane ikkje har gitt frå seg riktig informasjon. I skjemaet for utøvarane ser ein at respondentane er frå heile landet, og eg kan i stor grad generalisere resultatet blant norske skiskyttarar i den aldersgruppa eg har valt.

I tre av spørsmåla som vart stilt til utøvarane kunne ein krysse av for fleire svaralternativ. Dette var på spørsmål kor ein kun skulle krysse av på éit alternativ, og var ein glipp frå mi side. Eg har valt å utelukke desse figurane frå analysa, og dei tre figurane ligg som vedlegg nederst i dokumentet. Bortsett frå dette er empiri både gyldig og relevant slik eg ser det.

3.6 Reliabilitet

Ein må stille spørsmål om korvidt metoden i seg sjølv kan påverke dei resultata ein vil kome fram til. Er det trekk ved spørjeskjemaene, datainnsamlingsprosessen eller det opne intervjuet som kan ha påverka resultata? Nokre av spørsmåla kan til ein viss grad ha vore ledande i form av at dei bestod av ein påstand respondenten måtte ta stilling til. Eg har likevel i høgste grad prøvd å unngå nettopp dette, ved å utforme spørsmåla på ein slik måte at respondenten ikkje vert leda meir mot eit svar enn eit anna. Konteksten for der undersøkinga gjekk føre seg var over internett og over telefon. Respondentane svarte individuelt, men det kan tenkast at dei aller yngste av respondentane har fått hjelp av foreldra til nokon av spørsmåla dersom dei ikkje heilt har forstått det. Etter mitt syn er resultata frå begge spørjeundersøkingane, samt intervjuet, truverdige.

3.7 Etikk

«Utgangspunktet for forskningsetikken i Norge i dag er tre grunnleggande krav knytta til forholdet mellom forsker og dem det forskes på: informert samtykke, krav på privatliv og krav på å bli korrekt gjengitt»²².

Informert samtykke betyr at den som undersøkast deltek frivillig i undersøkinga, og at den som deltek er klar over kva risiko ei eventuell deltaking inneber. Kravet om informert samtykke kan delast inn i fire hovudlinjer; kompetanse, frivillighet, full informasjon og forståing. Kompetanse går på om respondenten sjølv er i stand til å bestemme om han eller ho vil delta i undersøkinga. For dei aller yngste respondentane i mitt spørjeskjema for born

22 Side 45, Innføring i samfunnsvitenskapelig metode, 2.utgave 2005, Dag Ingvar Jacobsen

er det ikkje gitt at dei oppfyller dette kravet. Her kan det godt tenkast at foreldra har vore med å bestemme om dei skal delta eller ikkje. Resultata frå undersøkinga utgjer derimot ikkje nokon fare for negative konsekvensar for dei spurde. Ved utsending av både e-post og skjema var eg nøye på å presentere formålet med undersøkinga, og korleis resultata som kom fram skulle nyttast. I begge spørreskjema følgde det også med eit infoskriv, og på denne måten fekk utøvarane og foreldre tilstrekkeleg med informasjon.


«Like viktig som frivillighet er kravet om at de som undersøkes, har rett til et privatliv, dvs. en frisone i livet som ikke nødvendigvis skal undersøkes»²³. Dei som undersøkast har rett til eit privatliv, og dette er da også nedfelt i norsk lovgjevnad. Her må ein vurdere kor følsam og privat informasjonen som samlast inn er, og i kva grad ein kan identifisere enkeltpersonar utifrå data. I mine undersøkingar har det ikkje blitt stilt spørsmål eller kome fram informasjon som kan karakteriserast som følsam. Utøvarane har derimot t.d. måtte vurdere forhold til familie, venner og skule, og dette er informasjon av ein meir privat karakter. Foreldra til utøvarane har også måtte oppgi informasjon i spørsmål som omhandlar inntekt og kostnader, og dette kan sjølvsagt for nokon opplevast som privat. For å sikre privatlivets fred hadde eg i samtlege spørsmål eit svaralternativ ein kunne velje for dei som ikkje ønska å svare. Det siste kravet går på riktig presentasjon av data. Dette inneber at ein i størst mogleg grad må streve etter å gjengi resultatet fullstendig og i riktig kontekst.

23 Side 47, Innføring i samfunnsvitenskapelig metode, 2.utgave 2005, Dag Ingvar Jacobsen

4.0 Analyse


4.1 Spørjeskjema for skiskyttarar

Figur 1:




Figur 1 viser kjønnsfordelinga mellom respondentane. Gutane er i eit klart fleirtal med 65.5%, mot 34.5% jenter. Totalt var det 55 respondentar. Desse talla speglar aktivitetstall frå Norges Skiskytterforbund for 2013, som viser at 64.1% av medlemmane i alderen 13-19 år var gutar, og 35.9% jenter.

Figur 2:



Figur 2 viser aldersfordelinga mellom respondentane. Her ser ein at 76.4% av respondentane er i alderen 14-20 år. Det var ingen respondentar i alderen 10 år eller yngre, og undersøkinga var då heller ikkje retta mot denne aldersgruppa. 16.4% oppga at dei er i alderen 11-13 år, og 7.3% 20 år eller eldre.


Figur 3:



Figur 3 viser kvar i fylket respondentane kjem i frå. Her ser ein at så mykje som 38.9% av respondentane er frå Sør-Trøndelag, og utgjør med det den klart største gruppa. Vidare kjem 14.8% frå Hordaland, 9.3% frå Hedmark, 7.4% frå Akershus, Nordland og Troms. 5.6% oppga at dei er frå Oppland og 3.7% at dei er frå Oslo. 1.9% er frå Møre og Romsdal, Buskerud og Telemark. Det var ingen respondentar frå fylka Aust-Agder, Finnmark, Nord-Trøndelag, Rogaland, Sogn og Fjordane, Vest-Agder, Vestfold og Østfold. Totalt var det 54 respondentar som svarte på spørsmålet.

Figur 4:


Korleis vil du vurdere ditt forhold til...




Figur 4 viser korleis respondentane vurderer forholdet sitt til familien, venner og skulen. Av figuren kan ein sjå at respondentane har eit veldig godt forhold til familien, det er ingen som har svart lite bra eller verre. 93% av respondentane vurderer også sitt forhold til venner som veldig bra eller bra, kun 7% har svart lite bra. Skulen er den som kjem dårlegast ut her, med 7% som har svart lite bra og 4% ikkje bra i det heile tatt. 57% vurderer det som bra, og 37% har eit veldig bra forhold til skulen.

Figur 5:


Kor viktig er følgjande personar for deg i di rolle som utøvar?




Figur 5 viser kor viktig familien, venner i idrettsmiljøet og venner utanfor idrettsmiljøet er for respondentane i deira rolle som utøvar. Familien vert av respondentane vurdert som veldig viktig i rolla med 76%, og 18% har svart viktig. 4% meiner familien er lite viktig, og 2% at den ikkje er viktig i det heile tatt. Ein ser at venner i idrettsmiljøet også skorar høgt med 55% som har svart at dei er veldig viktig, og 40% har oppgitt viktig som svar. Kun 5% ser på venner i miljøet som mindre viktig. Venner utanfor idrettsmiljøet er dei som kjem dårlegast ut, her har 36% oppgitt dei som mindre viktige i rolla som utøvar. Det same antalet har svart viktig, medan kun 18% har oppgitt dei som veldig viktig.

Figur 6:


Figur 6 viser kva respondentane svarte på kor ofte dei er med venner i ein ikkje-idrettsleg samanheng. Man ser her at heile 34.5% aldri er med venner i aktivitetar utanfor idretten. 30.9% oppgir 1-2 gonger i veka, 21.8% 3-5 gonger i veka og 12.7% kvar einaste dag. 65.4% er med venner i ein ikkje-idrettsleg samanheng 2 gonger eller sjeldnare i veka.

Figur 7:


Figur 7 viser respondentane sine svar på om dette er venner dei kjenner frå idretten eller utanfor idretten. Spørsmålet er stilt i samanheng med spørsmålet frå figur 6. 3.6% av respondentane svarte eg veit ikkje, og dette kan vere fordi respondentane ikkje forstod koblinga med det andre spørsmålet. 30.9% oppgir fordelinga av venner omtrent likt frå begge miljø, og det er ingen av svaralternativa som skil seg ut i nemneverdig grad.

Figur 8:


Figur 8 viser kor enig/uenig respondentane er i at satsinga deira som skiskyttar går utover tid med familien, tid med venner og tid til skulen. 43.6% var enten heilt enig eller enig i at det gjekk utover tid med familien, medan 49.1% va enten uenig eller heilt uenig. 7.3% oppga eg veit ikkje som svar. Når det kjem til tid med venner oppgir 43.6% at satsinga går utover tid med venner, og 38.2% er enig i påstanden. 14.5% svarer at dei er uenige, medan 3.6% var usikre. 61.8% er heilt enig eller enig i at satsinga går utover tid til skulen, medan 29.1% er uenig i påstanden. 3.6% har svart at dei er heilt uenige, og 5.5% veit ikkje.

Figur 9:


Figur 9 viser i kva slags grad respondentane føler dei brukar nok tid på skulearbeid. 5.5% av respondentane svarer at dei ikkje brukar nok tid på det i det heile tatt. 29.1% oppgir at dei i liten grad brukar nok tid, medan omlag halvparten (49.1%) har svart i stor grad. 16.4% føler dei i svært stor grad brukar nok tid på skulearbeid.

Figur 10:

Figur 10 viser i kva slags grad respondentane føler dei får forberedt seg godt nok til prøver på skulen. Heile 78.2% meiner at dei enten i svært stor grad eller i stor grad får forberedt seg godt nok. 16.4% svarte alternativet i liten grad, medan 5.5% svarte at dei ikkje får forberedt seg godt nok i det heile tatt.

Figur 11:


Figur 11 viser kor stor prosentdel som var enig eller uenig i påstanden: «Eg satsar på ein idrettskarriere og nedprioriterer derfor skulen». Av utøvarane var det kun 10.9% som svarte at dei var heilt enig i påstanden, medan 20% svarte at dei er enig. 41.8% var uenige i påstanden og utgjør med det den største gruppa. 20% svarte at dei var heilt uenig, og 7.3% oppga eg veit ikkje som svar.

Figur 12:


Figur 12 viser kor enig eller uenig respondentane er i at det er viktigare for dei å gjennomføre ei treningsøkt enn å vere med venner, studere eller tilbringe tid med familien. Her kan ein sjå at så mykje som 58.2% var heilt enig i påstanden, og 34.5% var enig. Det vil sei at heile 92.7% var enig i denne påstanden. 5.5% var uenige, og 1.8% svarte alternativet eg veit ikkje.

30.9% av respondentane var heilt enig i at det var viktigare å gjennomføre ei treningsøkt enn å studere, og 40% var også enig i påstanden. 25.5% svarte at dei var uenige, 1.8% oppga heilt uenig eller eg veit ikkje som svar. 70.9% kjenner seg altså igjen i påstanden.

Til høgre i figuren kan ein sjå at det var stor enighet om at det er viktigare å gjennomføre ei treningsøkt enn å vere i lag med familien. 40% av respondentane svarte heilt enig, og 45.5% svarte enig. 9.1% var uenig i påstanden og 1.8% heilt uenig. 3.6% svarte alternativet eg veit ikkje. Totalt kjente 85.5% av respondentane seg igjen i påstanden.

Figur 13:

Figur 13 viser i kva slags grad respondentane føler at idretten forårsaker dårlegare prestasjonar på skulen. Her ser ein kun 5.5% har svart at det i svært stor grad forårsaker dårlegare prestasjonar. 14.5% har svart alternativet i stor grad. 61.8% av utøvarane meiner at idretten i liten grad står for dårlegare prestasjonar på skulen, og 18.2% at den ikkje gjer det i det heile tatt. Dette vil sei at 3 av 4 oppgir at idretten i liten til ingen grad forårsakar dårlegare prestasjonar på skulen.

Figur 14:

Figur 14 viser korvidt respondentane har mottatt nokon form for sponsormidlar, stipend og lønn i løpet av det siste året. 40% av respondentane har mottatt sponsormidlar, 56.4% oppgir at dei ikkje har det og 3.6% veit ikkje. 34.% har svar at dei mottok stipend, 63.6% har svart nei og 1.8% er usikker. Når det gjeld lønn så er det 23.6% som svarer at dei har


mottatt godtgjersle, og heile 76.4% svarer at dei ikkje har fått noko lønn. 1.8% har svart eg veit ikkje.

Figur 15:



Figur 15 viser i kva grad utøvarane er avhengig av økonomisk støtte frå foreldra for å satse på skiskyting. Når ein ser på figuren er det ikkje tvil om kva utøvarane meiner. 80% svarer at dei i svært stor grad er avhengig av foreldra økonomisk, og 16.4% at dei i stor grad er det. Ingen har svart i liten grad, og kun 1.8% svarer at dei ikkje er det eller at dei ikkje veit.

Figur 16:



Figur 16 viser kven som betaler for utgifter respondentane har til utstyr, treningssamlingar, konkurransar og transport/reise. I dette spørsmålet kunne ein krysse av for meir enn éit svaralternativ.

Utstyr

92.7% av respondentane har krysset av at foreldra betaler for utstyr. Ein ser også at 30.9% oppgir at dei blir opp frå eigen lomme. 18.2% har svart idrettslag/forbund, medan 36.4% har svart at det er sponsorar som betaler. 3.6% veit rett og slett ikkje.

Treningssamlingar

Så mykje som 96.4% svarar at det er foreldra som betaler for utgifter til treningssamlingar. Kun 7.3% har kryssa av for alternativet egne pengar. 36.4% har svart at idrettslag/forbund betalar, medan kun 5.5% har kryssa av på sponsorar. 1.8% har svart eg veit ikkje.


Konkurransar

85.5% av respondentane svarer at det er foreldre som betaler for utgifter til konkurransar. Tett opp under ser ein at 70.9% har kryssa av på idrettslag/forbund. 9.1% betaler for utgifter til dette av eigen lomme, medan kun 5.5% har oppgitt sponsorar som svar. 1.8% har svart eg veit ikkje.

Transport/reise

92.7% av respondentane har svart at det er foreldre som betaler for transportutgifter. Vidare har 41.8% kryssa av på idrettslag/forbund. Av utøvarane har 12.7% svart egne pengar, og 7.5% at sponsorar betaler for det. 1.8% har svart eg veit ikkje.


Figur 17:



Figur 17 viser om respondentane ser på seg sjølv som toppidrettsutøvarar. Over halvparten har svart ja, meir nøyaktig 58.2%. 25.5% av utøvarane har svart nei og 16.4% svart eg veit ikkje.


4.2 Spørjeskjema for foreldra

Figur 1:



Figur 1 viser kjønnsfordelinga mellom respondentane. 60.9% er kvinner og 39.1% er menn. Totalt var det 23 respondentar, noko som betyr at det var 9 menn som svarte på undersøkinga og 14 kvinner.


Figur 2:




Figur 2 viser kor mange barn respondentane har som driv på med skiskyting. 60.9% har éit barn, 34.8% oppga at dei har to barn og 4.3% at dei har tre barn. Ingen har svart fire eller fleire barn.

Figur 3:


I kva grad føler du barnet ditt kan drive på med skiskyting uten din økonomiske støtte?




Figur 3 viser i kva grad respondentane føler at barnet kan drive på med skiskyting utan deira økonomiske støtte. Her ser ein at det er stor enighet blant respondentane at utan deira økonomiske støtte kan ikkje barnet halde på med skiskyting. Heile 78% har svart ikkje i det heile tatt, og 22% i liten grad. Det vil sei at ingen av respondentane svarte at barnet i stor grad eller i svært stor grad kunne haldt på utan deira støtte.

Figur 4:


Figur 4 viser i kva grad respondentane føler at barnet si satsing som skiskytter går utover familien sitt budsjett. 22.7% har svart i stor grad, og 59.1% i liten grad. 9.1% oppga at det ikkje går utover budsjettet i det heile tatt. 4.5% svarte i svært stor grad, og det same antal svarte alternativet eg veit ikkje.

Figur 5:

Figur 5 viser i kva grad respondentane føler det er tilstrekkeleg med økonomisk støtte frå idrettslaget. Her kan man sjå at det ikkje er nokon som i svært stor grad føler dei får tilstrekkeleg med støtte. Kun 26.1% føler dei får det i stor grad. 56.5% av respondentane har svart i liten grad, og 17.4% i ingen grad. Totalt 73.9% føler at det er liten til ingen grad av økonomisk støtte frå idrettslaget.

Figur 6:


Figur 6 viser kor mykje respondentane betaler for nytt utstyr per år. Stor spredning i svar her, der 10K-15K kr har størst oppslutning med totalt 30.4% av svara. Kun 4.3% har svart at dei bruker 15K-20K. 21.7% har svart at dei bruker 0-5K og 5K-10K. 13% av respondentane oppgir utgifter på 20K-25K og 8.7% 25K-30K. Ingen av respondentane har svart at dei brukar 30K eller meir.

Figur 7:


Figur 7 viser kor mykje respondentane betaler i forbindelse med treningssamlingar per år. Her kan man sjå at ingen av respondentane svarar at dei har brukt meir enn 20K. 34.8% har brukt mellom 0-5K. Flest har svart at dei brukar mellom 5K-10K med 43.5% oppslutning. 17.4% svarar at dei bruker mellom 10K-15K, og kun 4.3% mellom 15K-20K.

Figur 8:


Figur 8 viser kor mykje respondentane har brukt i forbindelse med konkurransar per år. Her har over halvparten (52.2%) svart at dei brukar mellom 0-5K. 21.7% oppgir utgifter mellom 5K-10K, og 13% mellom 10K-15K. Ingen har respondentane har svart at dei betalar mellom 15-35K. Kun 4.3% oppgir at dei brukar 35K eller meir, og 8.7% har svart veit ikkje.

Figur 9:

Figur 9 viser kor mykje respondentane betaler for transport/reise knytta opp mot skiskyting per år. Her har nøyaktig halvparten av respondentane svart 0-5K. 13.6% oppgir kostnader på 5-10K og 15-20K. 9.1% har svart at dei brukar mellom 10-15K og 20-25K. Ingen av respondentane brukar 30K eller meir på transportkostnader, og 4.5% har svart at dei betaler mellom 25-30K.

Figur 10:


Figur 10 viser kva utgifter respondentane har totalt per år relatert til skiskyting. Her varierer det ein heil del mellom alternativa. 22.7% av respondentane har svart at utgiftene er på mellom 10-20K og 30-40K per år. 13.6% har svart at dei er på mellom 0-10K, 40-50K og 60-70K. 4.5 % har svart at dei er på mellom 20-30K og 70K eller meir. 4.5% svarte eg veit ikkje. Ingen av respondentane oppga mellom 50-60K som svar.

Figur 11:

Figur 11 viser i kva grad respondentane føler at det går for mykje tid til kjøring til trening og konkurransar. 13% av respondentane svarte at det i svært stor grad gjekk for mykje tid, og 26.1% i stor grad. 34.8% oppga liten grad som svar, medan 26.1% svarte i ingen grad.

Figur 12:

Syntest du kostnadsnivået for å la barnet satse på skiskyting er for høgt?



Figur 12 viser om respondentane tykkjer at kostnadsnivået for å la barnet satse på skiskyting er for høgt. Som ein ser av figuren er det vel halvparten (52%) som svarer ja på dette spørsmålet. 26% har svart nei, mens nesten 1 av 4 svarte eg veit ikkje.

4.3 Det opne intervjuet

Intervju – Sylfest Glimsdal

Informasjon:

Hensikten med dette intervjuet er å få et innblikk i økonomiske forhold for unge skiskyttartalent i Norge i perioden før ein vert tatt opp i landslag. I hovudsak gjeld dette kostnadsrelaterte spørsmål tilknytt det å satse på ein karriere som toppidrettsutøvar i skiskyting. Intervjuet vil bestå av tre deler, der eg vil spørje deg litt om din bakgrunn generelt, deretter vidare på dine egne erfaringar som utøvar og til sist frå erfaring som trenar/daglig leder. Dersom det av ulike grunner er nokon spørsmål du ikkje ynskjer å svare på, så kan du la det stå opent.

Bakgrunn:

1. Kan du fortelje litt om deg sjølv og kva jobbar du med til dagleg?

Ja, altså til daglig er jeg i hovedsak ansatt hos Norges Geotekniske Institutt i Oslo. Jeg jobber med flodbølger og skred, og gjør beregninger på det. I tillegg så er jeg også engasjert i idretten i Molde, hvor jeg har en stilling på Romsdal videregående. Jeg følger opp toppidrett på langrenn og skiskyting, og kombinert med en stillingsprosent i langrennsgruppa i Molde. Det er altså det lønna biten, så er det mye dugnad utenom, hehe.

Erfaringar som utøvar:

1. Du har jo sjølv vore på landslaget og har ein glimrande karriere bak deg som skiskytter. Korleis vil de beskrive ungdomsåra før du kom med på det norske landslaget?

Ja, det stemmer. Jeg kom inn på landslaget i 1988 og var der til jeg slutta i 2000. Jeg fikk jo på den måten med meg flere generasjoner på en måte, først med Eirik Kvalfoss og den gjenger der og deretter generasjonen med løpere som Ole Einar Bjørndalen, Frode Andresen og Halvard Hanevold. På slutten av 90-tallet da.

I utgangspunktet så var jeg en langrennsløper. Jeg hevda meg ganske bra nasjonalt og hadde som beste 5.plass i junior NM i langrenn. Men som 17-åring så var det en trener i Roar Nilsen (som jobber i skiskytterforbundet nå) som hadde fått lånt ei borse som jeg kunne få prøve. Jeg syntest dette her var veldig spennende og ble med i NM og slikt, og fikk en 2.plass allerede den første sesongen i NM og dette ga jo mersmak.

Jeg kom så på juniorlandslaget et år, og ja. Så var det egentlig den overgangen fra junior til senior hvor jeg ikke var på noe lag. Men jeg klarte likevel å holde trykket oppe og i min, ska vi se, tredje eller fjerde sesong som... Du kan si det var langrennsfarten som var min forse. Og det var mitt andre år som senior at jeg kom inn på seniorlandslaget i skiskyting.

2. Kva rolle hadde foreldra dine når det gjaldt satsinga di som skiskytter?

Jeg hadde en familie og far som var veldig glad i å være ute og være på tur/ gå på ski. De var veldig støttende på flere måter, men du kan si de kanskje var mer passiv støttende. Det

var ikke de som kjørte meg land og strand for å best mulig treningsforhold, eller kjøpte det beste utstyret. Men de var ikke i mot at jeg satsa, og de la til rette, f.eks faren min; da de andre dro ei mil avgårde for å få enda bedre løyper å trene i, så gikk far opp sporet over isen i lysløypa der jeg gikk. Det var på en måte hans måte å støtte på da. Jeg fikk ikke lagt ting opp i henda på meg, jeg måtte på en måte kjempe litt, men jeg hadde foreldre som var støttende, men som ikke tok av på noen måte.

3. Var du avhengig av foreldra dine økonomisk for å kunne halde på?

Ja, det var jeg jo. Husk at da jeg var 13-14 år så bodde jeg jo fremdeles hjemme. Og jeg bodde hjemme i et par år etter jeg var ferdig på videregående. *«Men eg tenkte litt utstyrsmessig, og alt sånn av kostnader rundt skiskytinga, måtte de betale dette? Det er jo en del av det å være forelder da selvfølgelig, men»*. Ja ikkje sant. Ja altså frem til jeg var 18-19 år så dekkja jo de alt på en måte. Selv om det da var litt begrensa til kanskje et våpen og et par ski i løpet av den perioden der. Det er jo ikke sånn som det er nå hvor folk har jo bømtevis med ski når de er 14-15 år. *«Ja for det har vel forandra seg litt fra den tida der kanskje?»* Ja veldig, veldig mye. Men fra jeg var 20-21 år kan du si så har jeg kosta satsinga mi sjøl. Da var jeg på landslaget etterhvert og fikk støtte derfra og sponsoravtaler og litt sånt. Så det iallefall gikk rundt da.

4. Mottok du nokon form for støtte i perioden før du kom med på landslaget?

På landslaget fikk jeg treningsstipend, og tilgang til gratis skiutstyr, treningsutstyr og ammunisjon. Men våpen måtte en fremdeles koste sjøl da.

5. Kjenner du sjølv til nokon som ga seg i iveren etter å drive toppidrett på grunn av manglande ressursar?

Nei, jeg kan ikke huske det. De som slutta var mer de som gikk lei, som ikke fikk resultatene de hadde håpt på. Og som ikke hadde den gutsen til å trene det som måtte trenes. Men jeg kan ikke huske at det var noen som backa ut pga økonomi. Før så var det mye mer begrensa i forhold til kostnader. Det kosta jo en del å reise da. *«Hadde deke mykje treningssamlingar og slikt før?»*. Ja vi hadde mye treningssamlinger, men du kan si det var jo gjerne på kretslag hvor klubben var inne og dekte utgifter da. De utgiftene vi hadde privat var jo mer reiser til renn, og begrensa mengde med utstyr da som vi den gang trengte i forhold til nå.

Erfaring som trener/daglig leder:

1. Som dagleg leder for ei skiskytteravdeling, syntest du at foreninga har tilstrekkeleg med midlar for å tilby utøvarane optimale forhold i treningskvardagen sin?

Ja, altså. Vi har nok det. Det er klart det som er viktig og det som er på en måte hele grunnlaget i norsk idrett er jo basert på dugnad. Så vi er jo avhengig av at vi får trenere på

plass som ønsker å bidra uten å ha betalt. Og det trur jeg nok er et viktig prinsipp også. Det vi ender opp med da er jo sjølsagt foreldre til noen av utøverne som da blir trenere ikke sant. *«Ja det er jo mykje diskusjon på det der i media. Det er jo mykje i vinden akkurat no»*. Ja det er jo det. Og jeg tror det er veldig vanskelig, altså viss en skal tenke seg at man skal kjøpe inn trenere og betale dem det de skal ha ikke sant. Så er det jo plutselig et helt annet budsjett, da må man jo på en måte... Pengene må jo komme fra et sted. Så det er jo på godt og vondt. Men klart har du foreldre som er engasjert, og at de er flinke til å se alle og ikke bare sine egne, så er det jo veldig bra med foreldretrenere synes jeg. I mangel av noe bedre, så jeg tror det er vanskelig å tenke seg for oss at vi skal betale trenere på alle nivå. Og ikke minst finne trenere som er kompetente. Hadde vi hatt en stor klubb, eller hatt mange klubber rundt oss med mange skiskyttere som blir boende her og studerer, så kunne vi spilt mye mer på det. Men vi mister jo våre når de skal begynne å studere, og kanskje før det også, så vi har jo ikke studenter som vi kan trekke veksler på da. Og for oss så er vi nok helt avhengig av engasjerte foreldre da.

2. Føler du at toppidretten får tilstrekkeleg med støtte frå det lokale næringsmiljøet i forhold til breddeidretten?

Altså jeg er av den oppfatning av at vi må på en måte selge totalpakka for å få sponsorer inn. Det er jo dette her med bredde og topp. Vi legger til rette for at alle, uavhengig av hvilket nivå de er på, skal ha det kjekt med å drive skiskyting. Vi er avhengig av å ha en stor gruppe. Og det er helt klart at det er jo mye lettere å selge støtte til en bredde enn til en topp. Absolutt. Men samtidig så kunne jeg godt tenke meg at de som er i Norgestoppen i klubben vår, at de gjerne burde fått seg noe støtte for i det hele tatt klare å drive det. For det er jo vanvittig dyrt. Når du skal drive begynne å reise land og strand rundt på norgescup og NM med overnatting og fly og hele pakka ikke sant. Da kan det jo være litt begrensa hvor mye klubben kan klare å stille opp.

«Men veit du sånn ca kor mykje, altså kva sum ein snakker om sånn generelt da snakker om i løpet av eit år». Ja altså reiseutgifter, om vi tar med dette her med kostnader på samlinger og alt da, den delen som utøveren betaler sjøl. Ja, 60-70 000 for de som er ivrigst, de som virkleig satser og reiser mye. *«Og då må man vel ha foreldre då som er ivrige, og som er villig til å reise mykje då»*. Ja, så absolutt. *«Det er jo litt det som er poenget med oppgaven her. Om det er utøvere sant som kanskje må gi opp på veien, pga dei ikkje er fra ein så ressurssterk familie»*. Jeg tenker jo sånn i dag er det nok større grunn til å anta at det er flere som ikke får foreldre som er ivrige nok. F.eks, fordi foreldrene ser at det koster og de (utøvern) da slutter fordi de ser at foreldrene ikke er så ivrige. At det henger litt sånn sammen da. Og det trur jeg nok er et større problem nå enn tidligere, da det var mye mindre kostnader på en måte forbundet med det.

Altså vi bodde jo på skole og lå på flatseng før ikke sant, og kunne nesten ligge i telt også, hehe. Men nå er jo standard hotell og... *«Ja for å ha optimale forberedelser til..?»* Ja ikke sant, og utstyr hvor du fort har veldig mange par ski og slikt. *«For om man ikkje har det beste utstyret, eller at man på ein måte følgjer med i utviklinga, har du då ikkje sjans til å prestere i dei renna som er, og då eventuelt bli plukka opp, så må man vel då ha optimalt utstyr?»* Ja det er litt vanskelig det der, selv om jeg da er veldig opptatt av at man skal tenke langsiktig og ikke tenke for mye resultat i ung alder. I slutten av junior er det en skal begynne blomstre og sanke resultater da på en måte. Men den terskelen der blir lenger og

lenger ned i årsklassene, og du ser foreldre som smører skia med Cera-F for 11-12 åringer. Det er en litt sånn dårlig utvikling akkurat den biten der. Det er litt opp til oss trenere som ser verdiene av å holde igjen, og vi får gjøre vårt beste å prøve å holde litt igjen på den veien der.

3. Har du opplevd at utøvarar under din ledelse har gitt seg på grunn av at det har kosta for mykje økonomisk å halde på med skiskytinga?

Nei, jeg har nok ikke sett det direkte. Altså som vi snakket om i sted så kan det nok være litt vanskelig å avdekke det, for at foreldre veit jo veldig godt hva slags økonomi dem har og hva de er villige til å betale. Og viss de da er akkurat passe lunkne i forhold til det å backe opp og det reise på renn og slikt, så kan jo foreldrene på en måte styre dette her litte grann. Og at det blir synlig på at de ikke har råd til å drive sånn og reise så mye. Så jeg har ikke sett noe direkte, men jeg ser ikke bortifra at det er litt sånn. Altså mangel på initiativ og backing hjemmefra, at det kan ha en slik økonomisk bakgrunn da på en måte.

4. Er det noko anna du ynskjer å sei som vi ikkje har vore innom elles?

Ja, for det er den økonomiske biten som på en måte er hovedtema ditt? Nei altså det som i hvertfall jeg er opptatt av er å holde igjen på den utstyrsgalleien, holde kostnadene nede så mye som mulig og så lenge som mulig. For vi ser jo at det er veldig ekskluderende når nivået blir altfor høyt på utstyret og trening alt for tidlig da, og det taper jo idretten da på. For det blir veldig vanskelig for noen som da er, si 10-11 år, og har lyst å begynne med langrenn eller skiskyting og kan bli kjempegode, men når de kommer inn i en gruppe så er nivået så høyt på utstyr at de ikke har sjans til å komme seg inn i det da, for du ligger så langt etter allerede som 10-11åring.

Så jeg er veldig opptatt av at de som er trenere må bare holde igjen, og som jeg sier til foreldre som har veldig gode utøvere, og som lokalt går renn og vinner med et minutt og sånt. Det er de som har det beste utstyret, det er de som har den beste smørninga, og de som har den beste treninga. Og da sier jeg at det er bedre at du ikke smører skia til den utøveren når han skal gå renn, og heller gå på et dårlig treningspar. Slik at det blir litt mer reell konkurranse, slik at den som da er best må virkelig slite litt for å vinne og ikke bare vinne og vinne uten å... «*Men når var det denne utviklinga skjedd då, med fokuset på utstyr, var det utover 2000-tallet eller...*». Ja det har vel skjedd sånn gradvis, den har vel bare vokst fram mer og mer. Og klart det henger jo sammen med alt folk i dag har bedre økonomi generelt da enn tidligere.

5.0 Diskusjon/konklusjon

Eg ville utifrå mine problemstillingar finne ut av kva kostnadar foreldra har på barn og ungdom i alderen 12 til 21 år som held på med skiskyting, og korleis denne satsinga som skiskyttar påverkar utøvarane sitt forhold til familie, venner, skulegang og økonomi. Resultata viser at foreldra har stor variasjon av kostnadar, der nokon brukar under 10 000 kroner i året, og andre over 70 000 i året. Størst kostnadar har ein på utstyrssida, og intervjuet med Sylfest Glimsdal ga også eit inntrykk av at det er utgiftene relatert til utstyr som først og fremst førar til store kostnadar for foreldre.

Resultata viser at utøvarane først og fremst forsakar venner. Ein har mindre tid tilgjengeleg til både familie, venner og skule på grunn av idretten, men det er i hovudsak venner som får lide av dette. Utøvarane har eit godt forhold til familien, og idretten går ikkje på bekostning av skulen. Ein har derimot lite kontakt med venner når ein ikkje held på med aktivitetar i forbinding med skiskytinga. Under følgjer ein meir detaljert konklusjon og diskusjon over dei ulike resultata.

5.1 Spørjeundersøking skiskyttarar

Familien

Figur 4 viser at respondentane utelukkande har eit bra forhold til familien, og av figur 5 kan ein sjå at familien også er ein viktig støttespelar for respondentane. Figur 8 viser at respondentane er veldig delt i synet på om idrettssatsinga går utover tid med familien. Figur 12 viser at heile 85.5% av respondentane er enig i påstanden om at det er viktigare å gjennomføre ei treningsøkt enn å tilbringe tid med familien.

Resultata viser at utøvarane totalt sett har veldig gode relasjonar til familiene sine, og dette til tross for at omlag halvparten meiner skiskytinga går på bekostning av tid med familien. I ein hektisk kvardag der mykje av tida går med til trening, reising og konkurransar er ein som utøvar nødt til å prioritere, og den tida ein har til tilgjengeleg med familien vert dermed gjerne meir verdsett, frå begge parter. Ein kan derfor anta at kvaliteten på den tida ein har med familien er høg. Samstundes føler respondentane at dei har god støtte frå familien, og dette gir trygge kår for utøvarane til å ta val kor ein kan prioritere seg sjølv.

Venner

Vi ser av figur 4 at respondentane jamnt over har eit bra forhold til sine venner. Venner i idrettsmiljøet er også viktige støttespelarar for respondentane, medan det i figur 5 også kjem fram at det er delte meiningar kor viktig vennar utanfor idretten er i rolla som utøvar. Omlag 2 av 3 respondentar er to gonger eller sjeldnare med venner i ein ikkje-idrettsleg samanheng, medan den siste tredjedelen er med venner i ein ikkje-idrettsleg samanheng minimum tre gonger i veka. Figur 7 gir ikkje noko klart bildet over om det er venner ein kjenner frå idretten eller utanfor idrettsmiljøet ein er med i ikkje-idrettsleg samanheng, og det er vanskeleg å slå fast det ein eller det andre. Figur 8 viser at over 3 av 4 av respondentane støtter påstanden om at idrettssatsinga går utover tid med venner. Figur 12 viser ein klar tendens til at utøvarane prioriterar trening framfor å vere med venner.

Frå tidlegare forskning såg ein at det var lite tid til venner som respondentane såg på som det mest negative med idretten. Resultata her tyder også på at idretten går på bekostning av venner for respondentane. Utøvarane er sær sjeldan med venner når det er snakk om aktivitetar ikkje relatert til idrett, og det kan tolkast slik at ein rett og slett ikkje har tid nok til overs til dette. Idretten formar i stor grad livet til utøvarane, der vennekretsen i det heile kjem frå idrettsmiljøet. Ein blir gjerne oppslukt i skiskyttarmiljøet, og det er meir ein konsekvens av valet om å satse på ein karriere som idrettsutøvar. Skal ein bli god er det vanskeleg å leve eit liv som ein heilt vanleg tenåring, og ein må prioritere bort visse aktivitetar som er vanleg hos ein gjennomsnittleg ungdom i Norge i dag.

Skulen

Figur 4 viser at respondentane jamnt over har eit godt forhold til skulen, men omlag 1 av 10 har eit mindre bra forhold til skulen. Av figur 8 kan ein sjå at fleirtalet av respondentane er enig i at idrettssatsinga går utover tid til skulen. Vidare ser ein av figur 9 at fleirtalet sjølv føler dei likevel brukar nok tid på skulearbeidet, omlag ein tredjedel av utøvarane oppgir at dei ikkje føler dei bruker nok tid på skule. Figur 10 viser at 78.2% av respondentane føler dei får førebudd seg godt nok til prøvar på skulen, og at 21.8% føler dei ikkje får det. Man ser i figur 11 at respondentane i fleirtal er uenig i at dei nedprioriterer skulen på grunn av idretten. Figur 12 viser at 70.9% støtter påstanden om at

ein prioriterer trening framfor å studere. Vi ser at i figur 13 oppgir 3 av 4 at idretten i liten til ingen grad forårsaker dårlegare prestasjonar på skulen.

Resultata tyder på at respondentane i denne undersøkinga ikkje forsakar skulen i nemneverdig grad gjennom skiskytinga. Idrettssatsinga går derimot utover tid til skulen, og dette ser ein også igjen i tidlegare forskning som viste at ein av dei største grunnane til at medlemmer slutta i idrettslag var for å få meir tid til skulen. På tross av dette meiner eit fleirtal av respondentane i denne undersøkinga at dei brukar nok tid på skulen, at dei får førebudd seg godt nok til prøver, at skulen ikkje vert nedprioritert på grunn av skiskytinga, og at skiskytinga ikkje forårsaker dårlegare prestasjonar på skulen. Resultata kan ved første augekast vere litt forvirrande og motstridande, men slik eg tolkar det så ser respondentane på seg sjølve som effektive og flittige, og at dei er flinke til å utnytte den tida dei set av til skulearbeidet godt.

Økonomi

Gjennomgangsmelodien av figur 14 viser at fleirtalet av respondentane ikkje har mottatt sponsormidlar, stipend eller lønn. Klart lågast oppslutning har derimot delen som går på lønn. Det kan her tenkast at respondentane har misforstått spørsmålet noko, og har vurdert stipend som f.eks. bortebruar stipend, og lønn som lønn for anna arbeid enn skiskytinga. Spørsmålet kan i så måte vere misledande, og at det burde vore formulert betre. Når det gjeld sponsormidlar så er det veldig jamnt fordelt mellom dei som har mottatt midlar og dei som ikkje har.

Man ser av figur 15 at det ikkje er noko tvil om at utøvarane er avhengig av økonomisk støtte frå foreldra for å kunne halde på med skiskyting. Figur 16 bekreftar i så måte dette i aller høgste grad. Her ser man at godt over 90% av respondentane har kryssa av på foreldre når det kjem til kven som betalar for utgifter som utstyr, treningssamlingar og transport. Idrettslag er mest inne og dekker utgifter relatert til konkurransar, medan sponsorer er mest inne og dekker utgifter relatert til utstyr. Det er vanleg at idrettslag har avtalar med sponsorar som står for utstyret. Utøvarane brukar mest av egne pengar til utstyr, og dette er kan vere fordi respondentane ikkje er heilt nøgd med det utstyret idrettslaget har å tilby.

5.2 Spørjeundersøking foreldre

Figur 3 viser at det er stor enighet hos respondentane på at barnet ikkje kan halde på med skiskyting utan økonomisk støtte frå foreldra. Dette er ikkje noko overraskande data i seg sjølv, men understrekar at utøvarane er særst avhengig av økonomisk engasjerte foreldre. Dersom ikkje foreldra er villig til å betale det som må til, vil nok barnet enten måtte trappe ned eller slutte med skiskyting heilt.

I figur 4 ser ein at barnet sitt idrettsengasjement for dei fleste av respondentane ikkje går utover familien sitt budsjett, men 1 av 4 respondentar har vurdert at det i ein stor eller svært grad gjer det. Dette er overraskande mange av dei spurte som føler familieøkonomien lide av idrettssatsinga til barnet, og hos meir ressursvake familiar kan det derfor tenkast at dei rett og slett ikkje har råd til eit slik innhogg i budsjettet. Konsekvensen av dette vil jo då vere at det ikkje er alle barn som har moglegheiten til å halde på med skiskyting.

Ein ser av figur 5 at nesten 3 av 4 respondentar føler dei ikkje får tilstrekkeleg med støtte frå idrettslaget. Sidan idrettslag i stor grad vert drifta gjennom dugnad og frivillighet, har ein ikkje økonomiske midlar til å kunne betale for alle kostnader. Foreldre må i stor grad stå for utgiftene sjølv. Vi ser ut i frå figur 6 at det er stor variasjon i kva foreldra betalar for nytt utstyr per år, og det kan vere fleire grunnar til dette, blant anna alderen på barnet, kor mange barn foreldra har som held på, og kor ivrig/seriøs barnet er. Ein kan likevel slå fast at det er store kostnader for foreldra her, på tross av at sponsorar stillar opp og dekkjer noko av utgiftene.

Figur 7 viser at dei fleste av respondentane har utgifter under 10 000 kroner i året for treningssamlingar. Endå lågare utgifter har respondentane til konkurransar (figur 8), og dette stemmer overens med det utøvarane sjølv oppga i sitt spørjeskjema, nemleg at idrettslaget i stor grad står for utgifter til konkurransar. I figur 9 ser ein at halvparten har brukt mellom 0 til 5000 på transport, mens den øvrige halvparten har brukt varierende summer. Her kan geografiske skilnader hos respondentane spele inn, grad av seriøsitet i satsinga, og i grunn er det veldig mange faktorar som påverkar transportkostnadane.

Transportkostnader var også blant dei kostnadane idrettslag var med på å dekke i følgje utøvarane.

Figur 10 viser at respondentane har svært ulike totalutgifter for året. Nokon mellom 0 til 10 000, andre over 70 000 per år. Dette er det nok det fleire grunnar til, og det vil blant anna ha samanheng med kor mange barn ein har som held på og kor ivrig og seriøst barnet satsar. Samtidig har ein også her inkludert utgifter som medlemskontingent, treningsavgifter og så vidare som ikkje var med i undersøkinga, men som varierer stort frå idrettslag til idrettslag. Tidlegare forskning viste at kostnader i langrenn kom opp i 66 000 i snitt, og sjølv om det her er stor spredning i svar, er det ikkje utenkeleg at dei som verkeleg satsar fort kjem opp i ein 60-70 000 i året i kostnader. Det ein uansett kan slå fast med er at det ikkje er billig.

Man ser av figur 11 at respondentane er delt i synet på om det går for mykje tid til kjøring av barn til trening og konkurransar. Figur 12 viser at over halvparten meiner kostnadsnivået for å la barnet drive med skiskyting er for høgt. Nesten 1 av 4 har svart eg veit ikkje, og det er litt overraskande at så mange har svart dette. Spørsmålet kan vere noko dårleg formulert, eller så har respondenten rett og slett ikkje ei oppriktig mening om kostnadsnivået i skiskyting.

5.3 Djupneintervjuet

Sylfest Glimsdal fortel at han kjem i frå ein familie der foreldra var mykje aktive og som likte å vere ute på tur. Dei var støttande på fleire måtar, men samstundes fekk han ikkje noko gratis og måtte sjølv jobbe hardt for å nå sine mål. Foreldra var ikkje dei som kjørte timevis for å skaffe sonen dei beste treningsforholda, ei heller var dei foreldra som kjøpte det beste utstyret. *«De var veldig støttende på flere måter, men du kan si de kanskje var mer passiv støttende»*. Støtte og engasjement frå nærmaste familie er utvilsamt viktig for å ha eit trygt og godt sosialt miljø som gir utøvarane gode moglegheiter å utvikle seg i. Foreldre må ikkje berre vere økonomisk engasjert over for barna sine, men også vise støtte og engasjement elles.

I intervjuet kom vi innpå utgifter satt i eit historisk perspektiv. Glimsdal påpeiker at det før var meir begrensa i forhold til kostnader. *«De utgiftene vi hadde privat var jo mer reiser til renn, og begrensa mengde med utstyr som vi den gang trengte i forhold til nå»*. Dette kan nok sjåast i samanheng med den profesjonaliseringa som har skjedd i norsk idrett frå slutten av 1980-talet og fram til i dag, i tillegg til at idretten også har blitt meir kommersiell. Skiskytinga er ikkje noko unntak, og sidan den tida Glimsdal var aktiv har skiskyting verkeleg blitt ein TV-sport der blant anna konkurransar er tilpassa slik at det skal vere mest mogleg interessant for publikum.

Glimsdal har ikkje i sin aktive karriere sjølv opplevd fråfall av utøvarar på bakgrunn av økonomiske sider ved skiskytinga. Men han meiner det er grunn til å tru at det er eit større problem i i dag enn det var tidlegare på grunn av kostnadane. Utøvarar sluttar ikkje i ei direkte tilknytning til økonomiske årsaker, men meir indirekte gjennom foreldre som ikkje er ivrige nok. Altså foreldre som ikkje viser den graden av støtte og engasjement som barn treng for å halde på. *«... de (foreldrene) ser at det koster og de da slutter fordi de ser at foreldrene ikke er så ivrige»*.

Når spørsmålet om foreininga har tilstrekkelig med midlar til å tilby utøvarane optimale treningsforhold kom opp, kom vi raskt inn på sjølve grunnmuren i norsk idrett. Glimsdal trekke fram den norske dugnadsånd og kor viktig denne frivilligheten er for både norsk idrett og ikkje minst for lokale foreiningar. *«Vi er jo avhengig av at vi får trenere på plass*

som ønsker å bidra uten å ha betalt.» Dersom idrettslag skal ha trenarar som skal ha betalt, vil medlemskontingent og treningsavgifter skyte i været. Glimsdal meiner foreldretrenarar fungerer flott slik dei gjer i dag, og dette er då også slik den norske idrettsmodellen bygger på. Det er store diskusjonar i idrettsmiljøet i dag om korvidt ein bør få på plass meir kompetente trenarar i barne- og ungdomsidretten. Skulle ein prøve og innføre dette, vil det bety ei tydeleg kostnadsauke som det ikkje er sikkert at alle kan vere med på.

I intervjuet ynskja eg å kome litt nærmare inn på teamet breiddeidrett og toppidrett. I kva grad toppidretten får den same støtta økonomisk som breiddeidretten. Her var Glimsdal opptatt av å ikkje skilje bredde- og toppidrett heilt, men at for å få sponsorar frå lokalmiljøet måtte ein fremme begge deler. Vidare understreka han viktigheten av eit idretten sine grunnleggjande prinsipp, nemleg idrett for alle: *«Vi legger til rette for at alle, uavhengig av hvilket nivå de er på, skal ha det kjekt med å drive skiskyting. Vi er avhengig av en stor gruppe. Og det er helt klart at det er jo mye lettere å selge støtte til en bredde enn en topp».*

Samstundes skulle han ønske at dei utøvarane som verkeleg satsar, som er i Norgestoppen og som av den grunn har dei største kostnadane, fekk noko form for støtte for å kunne halde på. *«For det er jo vanvittig dyr».* Eg spurte litt direkte kva sum ein då snakkar om i løpet av eit år, og for dei ivrigaste utøvarane – dei som verkeleg satsar og reiser mykje, så var det snakk om ein 60-70 000. Korleis ein kan tilby desse utøvarane meir støtte er vanskeleg å sei. Norges Skiskyttarforbund har gjennom Statkraft som sponsor ein avtale kor ein tilbyr utøvarar som ikkje får delta på landslag ein moglegheit til å satse vidare på skiskyting. Dette inngår under rekruttering og talentutvikling og er eit positivt tiltak som er med på å hjelpe og sikre rekruttering over heile landet.

I diskusjonen kring kostnader kom vi nærmare inn på eit bestemt område, nemleg den delen som handlar om utstyr. Glimsdal var særleg opptatt av det å halde igjen *«på då den galleien med utstyr»*, slik at ein haldt kostnadane nede så mykje som mulig, så lenge det lot seg gjere. Viss ikkje ender ein opp med ein ekskluderande idrett der ikkje alle får like forutsetningar for å kunne delta, og som då bryt med grunnleggande prinsipp i norsk idrett. Kven er det så som har ansvaret for nettopp dette? Glimsdal trekker fram rolla foreldra har,

men understrekar også trenarane si betydning. Noko fasit er det ikkje enkelt å gi her, og det er såpass samansatt at ein ikkje kun kan sjå på eit enkelt forhold. Utøvarane sjølv har forventingar og press for å prestere, engasjerte foreldre som ynskjer at barnet skal bli best mogleg og oppnå mest mogleg suksess bryt stadig grenser og trenarar vil ha utøvarane høgst mulig oppe på resultatlistene. Ein har både indre og ytre faktorar som påverkar og er med på å skape denne utviklinga av kostnader. Ein må heller ikkje gløkke det presset som kjem frå idretten sjølv.

6.0 Kjeldeliste

Bøker:

Goksøyr, Matti. 2008: *Historien om norsk idrett*, Oslo: Abstrakt forlag.

Goksøyr, Matti. 2010: *Idrett for alle, Norges idrettsforbund 150 år 1861-2011*, Oslo: Aschehoug forlag.

Halle, Siri. 1999: *Sporet fanger: en annerledes idrettshistorie*, Oslo: Aschehoug forlag.

Augestad, Pål og Nils Asle Bergsgard. 2007: *Toppidrettens formel, Olympiatoppen som alkymist*, Oslo: Norus forlag.

Jacobsen, Dag Ingvar. 2005: *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*, Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Gilberg, Runar. 1999: *Gjennom slit til stjernene: en studie av norske toppidrettsutøveres levekår og livskvalitet*, Oslo: Norges Idrettshøgskole, Institutt for samfunnsfag.

Rapporter:

Seippel, Ørnulf, Åse Strandbu & Mira Aaboen Sletten. 2011: *Ungdom og trening, endring over tid og sosiale skillelinjer*, NOVA rapport 3/11

Kultur- og kirke departementet, Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité. 2003: *NIF Tilstandsrapport, Om idrett og fysisk aktivitet i Norge*.

Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité (NIF). 2005: *Årsrapport*.

Lenker:

<http://www.laagendalsposten.no/sport/ikke-glem-toppidretten-1.5744995> sett 11.11.14

http://www.olympiatoppen.no/om_olympiatoppen/organisasjon/strategi/maalsetning_toppidrett/page1077.html sett 11.11.14

http://www.olympiatoppen.no/om_olympiatoppen/organisasjon/strategi/hvaertoppidrett/page910.html sett 11.11.14

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/kud/dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/19992000/stmeld-nr-14-1999-2000-/2.html?id=192654> sett 11.11.14

Dagens næringsliv: eAvis – 16.07.2010. Innlogging påkrevs.

7.0 Vedlegg

Vedlegg 1: Spørjeundersøking utøvarar

Spørreundersøking for unge skiskyttertalent

Fomålet med denne undersøkelsen er å få eit innblikk i korleis det å satse på ein karriere som skiskytter påverker andre forhold i livet. Du som tek undersøkelsen vil være anonym, og dei data som kjem fram vil bli framstilt som ein del av ei bacheloroppgåve.
 Identiteten din vil vere skjult.
 Les om skjult identitet. (I eit sprettoppvindauge)

1) Kjønn

Gutt Jente

2) Kor gammal er du?

Under 10 år
 11-13
 14-16
 18-20
 Over 20

3) Kva fylke kjem du frå?

Vel alternativ

4) Korleis vil du vurdere ditt forhold til...

	Veldig bra	Bra	Lite bra	Ikkje bra i det heile tatt	Eg veit ikkje
Familie	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Venner	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Skulen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

5) Kor viktig er følgande personer for deg i di rolle som utøvar?

	Veldig viktig	Viktig	Lite viktig	Ikkje viktig i det heile tatt	Ingen formeinng
Familien	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Venner i idrettsmiljoet	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Venner utanfor idretten	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

6) I kva slags grad føler du deg som ein del av eit fellesskap som utøvar?

I svært stor grad
 I stor grad
 I liten grad
 I svært liten grad

7) Kor ofte er du saman med venner i ein ikkje-idrettsleg samanheng?

- Dagleg
- 3-5 gonger pr. veke
- 1-2 gonger pr. veke
- Sjeldnare
- Eg veit ikkje

8) Er dette venner du kjenner frå idretten eller utanfor idretten?

- For det meste frå idretten
- For det meste utanfor idretten
- Omtrent likt frå begge deler
- Eg veit ikkje

9) Kor enig eller uenig er du i at satsinga di som skiskytter går utover...

	Heilt enig	Enig	Uenig	Heilt uenig	Eg veit ikkje
Tid med familien	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Tid med venner	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Tid til studier/skulen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>



10) I kva slags grad føler du at du tilbringer nok tid med

	I svært stor grad	I stor grad	I liten grad	Ikkje i det heile tatt
Familien	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Venner	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

11) I kva slags grad føler du at du bruker nok tid på skulearbeid

- I svært stor grad
- I stor grad
- I liten grad
- Ikkje i det heile tatt

12) I kva slags grad føler du at du får forberedt deg godt nok til prøver på skulen

- I svært stor grad
- I stor grad
- I liten grad
- Ikkje i det heile tatt

13) Eg satsar på ein idrettskarriere og nedprioriterer derfor skulen

- Heilt enig
- Enig
- Uenig
- Heilt uenig
- Eg veit ikkje

14) I kva slags grad går satsinga di som idrettsutøver på bekostning av

	I svært stor grad	I stor grad	I liten grad	Ikkje i det heile tatt
Venner	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Familie	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Skule	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

15) Kor enig eller uenig er du i at det er viktigare å gjennomføre ei treningsøkt enn å...

	Heilt enig	Enig	Uenig	Heilt uenig	Eg veit ikkje
Være med venner	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Studere	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Tilbringe tid med familien	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

16) I kva slags grad føler du at idretten forårsaker dårlegare prestasjonar på skulen?

- I svært stor grad
- I stor grad
- I liten grad
- Ikkje i det heile tatt



17) Har du i løpet av det siste året mottatt nokon form for...

	Ja	Nei	Eg veit ikkje
Sponsormidlar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Stipend	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lønn	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

18) I kva grad er du avhengig av økonomisk støtte frå foreldre til å satse på skiskyting?

- I svært stor grad
- I stor grad
- I liten grad
- Ikkje i det heile tatt
- Eg veit ikkje

Her kan du krysse av på fleire svar om nødvendig.

19) Kven betaler for utgifter relatert til...

	Egne penger	Foreldre	Idrettslag/forbund	Sponsorer	Ingen utgifter	Eg veit ikkje
Utstyr	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Treningssamlingar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Konkurranser	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Transport/reise	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

20) I kva grad feler du at du får tilstrekkeleg med økonomisk støtte fra...

	I svært stor grad	I stor grad	I liten grad	Ikkje i det heile tatt	Eg veit ikkje
Idrettslaget	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Idrettsforbundet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Næringslivet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

21) Ser du på deg sjølv som ein toppidrettsutovar?

Ja Nei Eg veit ikkje

Vedlegg 2: Spørjeundersøking foreldre

Spørreskjema økonomi og foreldre

Fomålet med denne undersøkelsen er å få eit innblikk i den økonomiske delen av det å ha eit eller fleire barn som satser på skiskyting. Du som tek undersøkelsen vil være anonym, og dei data som kjem fram vil bli framstilt som ein del av ei bacheloroppgåve.

1) Kva kjønn er du?

- Mann
 Kvinne

2) Kor mange barn har du som driv på med skiskyting?

Vel alternativ

3) I kva grad føler du barnet ditt kan drive på med skiskyting uten din økonomiske støtte?

- I svært stor grad I stor grad I liten grad Ikkje i det heile tatt Eg veit ikkje

4) I kva grad går barnet si satsinga som skiskytter utover familien sitt budsjett

- I svært stor grad I stor grad I liten grad Ikkje i det heile tatt Eg veit ikkje

5) I kva grad føler du det er tilstrekkeleg med økonomisk støtte frå idrettslag/forening?

- I svært stor grad I stor grad I liten grad Ikkje i det heile tatt Eg veit ikkje

6) Kor mykje betaler du for nytt utstyr per år (ski, gevær, stavar)?

- 0-5000 kr
 5000-10 000 kr
 10 000-15 000 kr
 15 000-20 000 kr
 20 000-25 000 kr
 25 000-30 000 kr
 30 000-35 000 kr
 35 000 kr eller meir
 Vet ikke

7) Kor mykje betaler du i forbindelse med treningssamlinger per år?

- 0-5000 kr
 - 5000-10 000 kr
 - 10 000-15 000 kr
 - 15 000-20 000 kr
 - 20 000-25 000 kr
 - 25 000-30 000 kr
 - 30 000-35 000 kr
 - 35 000 kr eller meir
 - Vet ikke
-

8) Kor mykje betaler du i forbindelse med konkurranser per år?

- 0-5000 kr
 - 5000-10 000 kr
 - 10 000-15 000 kr
 - 15 000-20 000 kr
 - 20 000-25 000 kr
 - 25 000-30 000 kr
 - 30 000-35 000 kr
 - 35 000 kr eller meir
 - Vet ikke
-

9) Kor mykje betaler du for transport/reise knytta opp mot skiskyting per år?

- 0-5000 kr
 - 5000-10 000 kr
 - 10 000-15 000 kr
 - 15 000-20 000 kr
 - 20 000-25 000 kr
 - 25 000-30 000 kr
 - 30 000-35 000 kr
 - 35 000 kr eller meir
 - Vet ikke
-

10) Kva utgifter har du totalt per år relatert til skiskyting?

- 0-10 000 kr
- 10 000-20 000 kr
- 20 000-30 000 kr
- 30 000-40 000 kr
- 40 000-50 000 kr
- 50 000-60 000 kr
- 60 000-70 000 kr
- 70 000 kr eller meir
- Vet ikke

11) I kva grad føler du at det går for mykje tid til kjøring til trening og konkurranser?

- I svært stor grad
 - I stor grad
 - I liten grad
 - Ikkje i det heile tatt
 - Eg veit ikkje
-

12) Syntest du kostnadsnivået for å la barnet satse på skiskyting er for høgt?

- Ja
 - Nei
 - Eg veit ikkje
-


Vedlegg 3:

I kva slags grad føler du at du tilbringer nok tid med



Vedlegg 4:

I kva slags grad går satsinga di som idrettsutøver på bekostning av



Vedlegg 5:

I kva grad føler du at du får tilstrekkeleg med økonomisk støtte fra...

